

Gebyr for arbeid etter Lov om eigarseksjonering - § 7

Dette gebyrregulativet er fastsett av Fitjar kommunestyre. Gebyret gjeld frå 01.07.2010 og avløyser tidlegare gjeldande regulativ.

§ 1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

- a) Sak som krev synfaring fem rettsgebyr
- b) Sak som ikkje krev synfaring tre rettsgebyr

§ 2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter § 1, betalast gebyr etter § 1.1.3 i gebyrregulativet for kart- og oppmålingsarbeid etter matrikkellova.

§ 3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.